

## FORSLAG TIL FRILUFTSANLEGG/NÆRMILJØANLEGG RUNDT VATNETVATNET I HARAM KOMMUNE

### FRILUFTSANLEGG

#### Turveg rundt Vatnevatnet

Det er ønskje om å lage turveg rundt heile Vatnevatnet. Turvegen vil få ei lengde på over 5000 meter. For ikkje å "gape over" for mykje vert det føreslått å dele opp turvegen i fleire etappar.


#### Definisjon på turveg:

Turvegar er trasear for ferdsel til fots - sykkel, rullestol, barnevogn og liknande - som er rydda for vegetasjon. Den er vanlegvis merka. Grunnen er godt opparbeida, og det er toppdekkje som gjev jamn overflate. Breidda er minimum 1,5 m.

- Etappar - prioritering:

- a. Turveg på sør- og austsida av Vatnevatnet som bind saman Eidet i vest med travbana i aust. I enden av Krokvegane går turvegen ned til vatnet og følgjer dette bort til Storelva. Traseen går vidare langs Storelva opp til lokalvegen.
- b. Turveg på nord- og austsida av Vatnevatnet, frå bruhaugen over Osen langs vatnet bort til og over Storelva, der turvegen blir knytt saman med traseen opp til travbana.
- c. Turveg på vest- og nordsida av Vatnevatnet. Turvegen tar av frå riksvegen nedanfor aldersheimen, går langs Oselva og vatnet til den blir knytt saman med traseen frå Krokvegane.






Fra boken "Stier, løyper og turveier".

## NÆRMILJØANLEGG - FORENKLA ORDNING

I samband med planane om turveg rundt Vatnevatnet vil det vere naturleg å sjå på tilrettelegging for informasjon, fiske og rasting. På kartet er det teikna inn forslag til lokalisering av informasjonstavle, gapahuk og rasteplassar.

- Gapahuken er plassert på tangen på vestsida av vatnet. Her er det fint å fiske frå land



- Informasjonstavler bør settast opp på plassar der det er naturleg å parkere for å nytte turvegen, eks. ved idrettsplassen og krysset vest for Vatne ungdomsskule.



Foto: Paul Johan Undheim



Foto: Jostein Skurdal

- Rasteplassane er lokalisert nede ved vatnet. Her kan det tilretteleggast med m.a. benkar og faste bålplasser.

